



KYSTVERKET

Vest

Meland kommune  
postmottak@meland.kommune.no  
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.:  
15/1419

Vår ref.:  
2014/1043-19

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:  
Johan Sørensen

Dato:  
11.02.2016

### **Uttale - Høyring og offentlig ettersyn - Dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen - Konsekvensutgreiing for flytting av Blom Fiskeoppdrett frå Laksevika til Trollholet - Meland kommune - Hordaland fylke**

Vi viser til brev av 4. januar 2016 der vi fikk oversendt til uttale sak om dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen og konsekvensutgreiing i samband med Blom Fiskeoppdrett sin søknad om ny lokalitet til erstatning frå lokaliteten i Laksevika. Flytting av anlegg frå Laksevika har samanheng med Forsvarets interesser i Herdlefjorden, noko som gjer ei vidare utvikling av fiskeoppdrettsanlegget umogleg.

Vi har tidlegare hatt til handsaming sak vedkomande dispensasjon frå kommuneplanen ved ny lokalitet ved Holmeknappen. Grunna forhold knytt til biologisk mangfald var ikkje denne lokaliteten aktuell, og det søkes nå om ny lokalitet Trollholet ca. 600 meter sydaust for Holmeknappen.

I plansamheng ivaretek Kystverket omsynet til god framkomelegheit, trygg ferdsel og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet samt å leggja til rette for effektiv og sikker hamneverksemd som ledd i sjøtransport.

Dei vurderingane vi gjorde i samband med søknaden for Holmeknappen vil i hovudsak være dei same for den nye lokaliteten som ligg berre 600 meter unna. I vårt brev av 10. august 2015 anførte vi den gong m.a. Anlegget søkes lokalisert i Herdlefjorden, en viktig farlei for sjøtrafikk langs kysten og trafikk til og frå Bergensområdet. Farleia inngår også som eit viktig element i samanheng med etablering av alternativ innsegling til Bergen. Vi nemner også at Mjåtveit, noko lenger sør i fjorden, inngår som eit av fleire alternativa for etablering av ny hamn i Bergensområdet. Desse tiltaka kan generere ytterlegare trafikk i fjorden i tillegg til den som allereie er.

Vi vil også legget til at ved flytting lenger sør i fjorden, og lenger vekk frå Forsvarets bannlagde sjøområde, vil dette ha ein positiv verknad for Forsvarets aktivitet og gjøremål, samt at Blom Fiskeoppdrett gis moglegheit til vidareutvikling av anlegget sitt her.

Anlegget som no er under planlegging ved Trollholet vil bestå av eit anlegg i rammefortøying med 2 x 3 rammer parallelt à 100 x 100 meter. Sjølve anlegget,

Regiondirektør Kystverket Vest

Sentral postadresse: Kystverket  
Postboks 1502  
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no)  
E-post: [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)

For besøksadresse se [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no)

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

med eit mellomrom på 100 meter mellom dei to parallelle rammene, vil utgjere 300 x 300 meter, og ytterkant av anlegget vil kome ca 400 meter frå land.

Vi har vurdert anleggets plassering i forhold til sjøtrafikken og navigasjonsinstallasjonar i fjorden. Avstanden mellom den del av fjorden som nyttas av sjøtrafikken og ytterkant av anlegget, ca 8 – 900 meter, er tilfredstillende. Vi kan såleis ikkje så at anlegget vil utgjere noko hinder i forhold til den trafikken ein har i fjorden.

Vår konklusjon blir at vi anbefaler at søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for etablering av anlegg for oppdrett av laks og aure ved Trollholet imøtekommes.

Med helsing

Knut Stenevik  
adm. sjef

Johan Sørensen  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakere:  
Fiskeridirektoratet region vest    postmottak@fiskeridir.no  
Blom Fiskeoppdrett AS                ob@blomsea.no